



Arbeidsprogram 2014 for Barne- og ungdomsavdelinga til Nordhordland Indremisjon

Barne- og ungdomsavdelinga har eit stort og variert arbeid i kretsen. Hovudtyngda av arrangementa er barne- og ungdomsleirar på Raknestunet, men vi har også andre store arrangement.

Planlagde arrangement 2014: 22 leirar og 6 andre arrangement

Oversikt over planlagde arrangement:

Planlagde leirar arrangert av Nordhordland Indremisjon året 2014:

Leirar i 2014		
Dato	Type leir	Alder
24.-26. januar	19+	19 +
21.-23.febr	Yngstes 1	3.-4. kl
24.-26.febr	Yngres 1	5.-7. kl
28.febr-2.mars	Vinterferieleir	4.-6. kl
7.-9.mars	Betweenleir	6.-7. kl
11.-14.april	Tenleir	8.-10. kl
25.-27. april	Ungdomsleir 1	10. kl
7.-8.juni	Minileir	1.-2. kl
13.-15.juni	Yngstesleir	3.-4. kl
20.-23.juni	Sommarferieleir	4.-6. kl
25.-28.juni	Betweenleir	6.-8. kl
30.juni-3.juli	4.-6.kl dyreleir	4.-6. kl
4.-6.juli	Yngstes dyreleir	3.-4. kl
8.-11.juli	Aktivitetsleir	5.-7. kl
4. til 8.aug	Tenleir	8.-10. kl
10 til 14.aug	Ungdomsleir	10. kl -- >
	Yngstesleir	3.-4. kl
	Yngresleir	5.-7. kl
	Høstferieleir	4.-6. kl
	Tenhelg	8.-10. kl

	Familiehelg	alle
29.des-1.jan	Nyttårsleir	10.kl -->

Vi vil i 2014 gjennomføre 22 leirar for barn og ungdom. Leirane vert arrangert av Nordhordland Indremisjon på Raknestunet Ungdomssenter, som ligg på Osterøy. Denne leirstaden er eigd og driven av Nordhordland Indremisjon.

Andre arrangement planlagt av Nordhordland Indremisjon:

Barnas Nyårsmøte

11.-12.01: Barne- og ungdomsavdelinga arrangerer "**Barnas Nyårsmøte**" denne helga! Ein tilbyr barnesamlingar heile laurdag på dagtid, søndag på formiddag, og har til avslutning ei stor fellessamling for alle aldrar søndag ettermiddag. Vidare er det ungdomstreff for ungdomar laurdag kveld.

Alt dette vert arrangert parallelt ved at hovudorganisasjonen, Nordhordland Indremisjon, arrangerer Nyårsmøte på Folkehøgskulen på Frekhaug.

Både Barnas Nyårsmøte og Ungdomstreffet vert planlagt og gjennomført i samarbeid med Barne- og Ungdomsrådet (BUR) til Nordhordland Indremisjon.

Ungdomsmøtehelg vår

13.-16. mars: Ungdomsmøtehelg i Haugland Bedehus, Ytre Arna. Ei helg som tar sikte på å samle alle medlemmar i dei ulike lokale ungdomslaga til felles samlingar fire dagar på rad. Helga vert organisert av ein komite med representantar frå dei lokale ungdomslaga og medlemmar frå BUR.

Barnas Årsmøte

31.05.-01.06: "Barnas Årsmøte" vert arrangert parallelt ved Nordhordland Indremisjon sitt Årsmøte på Nordhordland Folkehøgskule. "Barnas Årsmøte" består av eigne samlingar heile laurdag, og søndag formiddag. I tillegg til barneopplegget arrangerer vi ungdomstreff laurdag kveld. Både planlegging og gjennomføring av barne- og ungdomsopplegget skjer i samarbeid med BUR.

Teltmøteaksjon

11.-18.juni: Teltmøteaksjon i Knarvik. Denne veka skal det vere møter, konserter og liknande i regi av NHI. Kvar kveld vil det vere aktivitetar retta mot borna. Laurdagskveld vil vi satse på ein ungdomskonsert. Dette vert organisert av ein komite, samt BUR.

Raknestundagen

Datoen er ikkje satt, men en gang i august: Raknestundagen er ein dag der alle born og ungdom som har vore på leir på Raknestunet i løpet av sommaren er spesielt inviterte. Her er det eigne barnesamlingar på formiddag, og eit stort familiemøte om ettermiddagen der ein tar med små glimt frå leirane som har vore om sommaren

Ungdomsmøtehelg haust

Datoen er ikkje satt, men pleier å vere i november: Ungdomsmøtehelg i Knarvik Misjonshus. Ei helg som tar sikte på å samle alle medlemmar i dei ulike lokale ungdomslaga til felles samlingar tre dagar på rad. Helga vert organisert av ein komite med representantar frå dei lokale ungdomslaga og medlemmar frå BUR.

Alle arrangement er opne arrangement der kven som helst kan melde seg på eller møte opp på. Det er ingen krav om medlemskap i våre lokallag for å vere med på det som blir arrangert.